



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2025 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer: 974 236 966  
Organisasjonsform: Stiftelse  
Foretaksnavn: STIFTINGA TELEMARKEFESTIVALEN  
Forretningsadresse: Gullbringvegen 6  
3800 BØ I TELEMARKE

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2025 - 31.12.2025

### Konsern

Morselskap i konsern: Nei

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja  
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Kristoffer Mosfjeld  
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 19.01.2026

### Grunnlag for avgivelse

År 2025: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2024: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2025

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 12.03.2026



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2025	2024
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Salsinntekter		1 041 316	794 481
Anna driftsinntekt		2 439 315	2 255 391
<b>Sum inntekter</b>		<b>3 480 631</b>	<b>3 049 872</b>
<b>Kostnader</b>			
Lønnskostnad		853 181	720 621
Annan driftskostnad		2 490 294	2 367 377
<b>Sum kostnader</b>		<b>3 343 475</b>	<b>3 087 998</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>137 156</b>	<b>-38 126</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna renteinntekt		50 527	24 973
Anna finansinntekt		-19 232	
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>31 295</b>	<b>24 973</b>
<b>Netto finans</b>		<b>31 295</b>	<b>24 973</b>
<b>Resultat før skattekostnad</b>	7	<b>168 451</b>	<b>-13 153</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>168 451</b>	<b>-13 153</b>



### Balanse

Beløp i: NOK	Note	2025	2024
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i aksjar og partar	4	16 000	16 000
Andre krav		50 000	55 000
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>66 000</b>	<b>71 000</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>66 000</b>	<b>71 000</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Krav</b>			
Kundekrav		5 859	4 312
Andre krav			3 175
<b>Sum krav</b>		<b>5 859</b>	<b>7 487</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot, kontantar og liknande	5	1 332 840	1 194 749
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>1 332 840</b>	<b>1 194 749</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>1 338 699</b>	<b>1 202 236</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>1 404 699</b>	<b>1 273 236</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Selskapskapital	7	16 000	16 000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>16 000</b>	<b>16 000</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			



## Balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2025</b>	<b>2024</b>
Annan egenkapital	7	1 101 827	933 376
<b>Sum opptent egenkapital</b>		<b>1 101 827</b>	<b>933 376</b>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>1 117 827</b>	<b>949 376</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar		48 449	7 948
Skuldige offentlege avgifter	5	58 339	43 869
Skuldige offentlege avgifter	6	80 084	72 042
Anna kortsiktig gjeld	2	100 000	200 000
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>286 872</b>	<b>323 859</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>286 872</b>	<b>323 859</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>1 404 699</b>	<b>1 273 235</b>



## Brønnøysundregistrene

### ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2025 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2026 330261

#### Enheten

Organisasjonsnummer: 974 236 966  
Organisasjonsform: Stiftelse  
Foretaksnavn: STIFTINGA TELEMARKEFESTIVALEN  
Forretningsadresse: Gullbringvegen 6  
3800 BØ I TELEMARK

#### Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2025 - 31.12.2025

#### Konsern

Morselskap i konsern: Nei

#### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja  
Benyttet ved utarbeidelsen av  
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

#### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Kristoffer Mosfjeld  
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 19.01.2026

#### Grunnlag for avgivelse

År 2025: Årsregnskap er elektronisk innlevert.  
År 2024: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2025.

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 11.03.2026



Organisasjonsnr: 974 236 966  
STIFTINGA TELEMARKEFESTIVALEN

## RESULTATREGNSKAP

Beløp i: NOK	Note	2025	2024
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Salsinntekter		1 041 316	794 481
Anna driftsinntekt		2 439 315	2 255 391
<b>Sum inntekter</b>		<b>3 480 631</b>	<b>3 049 872</b>
<b>Kostnader</b>			
Lønnskostnad		853 181	720 621
Annan driftskostnad		2 490 294	2 367 377
<b>Sum kostnader</b>		<b>3 343 475</b>	<b>3 087 998</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>137 156</b>	<b>-38 126</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna renteinntekt		50 527	24 973
Anna finansinntekt		-19 232	
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>31 295</b>	<b>24 973</b>
<b>Netto finans</b>		<b>31 295</b>	<b>24 973</b>
<b>Resultat før skattekostnad</b> 7		<b>168 451</b>	<b>-13 153</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>168 451</b>	<b>-13 153</b>



Organisasjonsnr: 974 236 966  
STIFTINGA TELEMARKEFESTIVALEN

## BALANSE

Beløp i: NOK	Note	2025	2024
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i aksjar og partar	4	16 000	16 000
Andre krav		50 000	55 000
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>66 000</b>	<b>71 000</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>66 000</b>	<b>71 000</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Krav</b>			
Kundekrav		5 859	4 312
Andre krav			3 175
<b>Sum krav</b>		<b>5 859</b>	<b>7 487</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot, kontantar og liknande	5	1 332 840	1 194 749
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>1 332 840</b>	<b>1 194 749</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>1 338 699</b>	<b>1 202 236</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>1 404 699</b>	<b>1 273 236</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Selskapskapital	7	16 000	16 000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>16 000</b>	<b>16 000</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital	7	1 101 827	933 376
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>1 101 827</b>	<b>933 376</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>1 117 827</b>	<b>949 376</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>0</b>	<b>0</b>



<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Gjeld til			
kredittinstitusjonar		48 449	7 948
Skuldige offentlege			
avgifter	5	58 339	43 869
Skuldige offentlege			
avgifter	6	80 084	72 042
Anna kortsiktig gjeld	2	100 000	200 000
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>286 872</b>	<b>323 859</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>286 872</b>	<b>323 859</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>1 404 699</b>	<b>1 273 235</b>



Organisasjonsnr: 974 236 966  
STIFTINGA TELEMARKEFESTIVALEN

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note  
3


Tal på årsverk i regnskapsåret  
1.00

Note  
3

Spesifisering av resultatregnskapen

Lønnskostnader

<u>Lønn</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	704698.00	602311.00
<u>Andre ytingar</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	148483.00	118310.00
<u>Sum lønnskostnader</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
		720621.00



Telemarkfestivalen

# Stiftinga Telemarkfestivalen

---

## Årsrapport for 2025

Resultatrekneskap

Balanse

Notar

Årsmelding

Revisors beretning



### Resultatrekneskap for 2025

### Stiftinga Telemarkfestivalen

	Note	2025	2024
Salsinntekt		1 041 316	794 481
Statstilskot	2	1 400 000	1 250 000
Anna tilskot	2	475 934	462 944
Anna driftsinntekt		563 381	542 447
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>3 480 631</b>	<b>3 049 872</b>
Varekostnad		-74 155	-63 427
Løn og sosiale kostnader fast tilsette	3	-853 181	-720 621
Løn / honorar artistar og andre		-916 332	-979 544
Andre driftskostnader	3	-1 499 807	-1 324 406
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>-3 343 475</b>	<b>-3 087 998</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>137 157</b>	<b>-38 126</b>
Anna renteinntekt		50 527	24 973
Anna finansinntgift		-19 232	
<b>Sum finans</b>		<b>31 295</b>	<b>24 973</b>
<b>Netto finans</b>		<b>31 295</b>	<b>24 973</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>168 452</b>	<b>-13 153</b>
<b>Ordinært resultat</b>		<b>168 452</b>	<b>-13 153</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>168 452</b>	<b>-13 153</b>
<b>Overføringar:</b>			
Overføringar til/frå anna eigenkapital	7	168 452	-13 153
<b>Sum overføringar og disponeringar</b>	7	<b>168 452</b>	<b>-13 153</b>



### Balanse pr. 31. desember 2025

### Stiftinga Telemarkfestivalen

	Note	2025	2024
<b>EIGEDLAR</b>			
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Grunnkapital og andelar	4	16 000	16 000
Andre fordringer		50 000	55 000
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>66 000</b>	<b>71 000</b>
<b>Omløpsmidlar</b>			
<b>Fordringar</b>			
Kundefordringar		5 859	4 312
Andre fordringar			3 175
Forskotsbetalte kostnader			
<b>Sum fordringar</b>		<b>5 859</b>	<b>7 487</b>
Bankinnskot, kontanter og liknande	5	1 332 840	1 194 749
<b>Sum bankinnskot, kontanter og liknande</b>		<b>1 332 840</b>	<b>1 194 749</b>
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>1 338 699</b>	<b>1 202 236</b>
<b>Sum eigdeklar</b>		<b>1 404 699</b>	<b>1 273 236</b>

Perneo Dokumentnøkkel: KMVEY-066OD-FT05U-PMX4R-90RLJ-LEW0E



## Balanse pr. 31. desember 2025

## Stiftinga Telemarkfestivalen

	Note	2025	2024
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Grunnkapital	7	16 000	16 000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>16 000</b>	<b>16 000</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkaptal	7	1 101 827	933 375
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>1 101 827</b>	<b>933 375</b>
<b>Sum eigenkapital</b>	7	<b>1 117 827</b>	<b>949 375</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		48 449	7 948
Skuldig offentlege avgifter	5	58 339	43 869
Anna kortsiktig gjeld	6	80 084	72 042
Forskuddsbetalt inntekt	2	100 000	200 000
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>286 872</b>	<b>323 860</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>286 872</b>	<b>323 860</b>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<b>1 404 699</b>	<b>1 273 235</b>

Bø, 31.12.2025 / 19.01.26

Evy Beate Stykket - styreleiar

Evelyn Utigard - styremedlem

Anders Hefre - styremedlem

Hadle Lavold Reisæter - styremedlem

Torgeir Gullbekk Hansen - styremedlem

Kristoffer Mosfjeld - dagleg leiar

Penneo Dokumentnøkkel: KMVEY-066OD-FT05U-PMX4R-90RL-LEW0E



## Noter til årsrekneskapen for 2025

### STIFTINGA TELEMARKEFESTIVALEN

#### **Generelt**

Telemarkfestivalen er, som ei verksemd med ideelt formål, friteken for skatt.

#### **Note 1 Regnskapsprinsipp**

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små verksemder.

Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidpunktet. Festivalen mottok offentlege tilskot, desse blir avgrensa og inntektsført i gjeldande periode. Tilskota vert ført brutto.

#### **Klassifisering- og vurderingsprinsipp som er benytta:**

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år, samt postar som er knytta til varekretsløpet. Øvrige postar er klassifisert som anleggsmidlar / langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar blir vurdert til lågaste verdi av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidpunktet.

Anleggsmidlar blir vurdert til anskaffelseskost, men blir nedskrive til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er venta å vere forbigåande. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidpunktet.

#### *Aksjer og andre plasseringar*

Investeringar i aksjer og andre plasseringar, som er vurdert som anleggsmidlar, er tatt med etter kostmetoden. Nedskrivningar er gjort enkeltvis dersom verkeleg verdi er lågare enn kostpris, og dette ikkje er av forbigåande art.

#### *Fordringer*

Kundefordringar og andre fordringar er bokført til pålydande med frådrag for avsetjing til forventta tap.



## Noter til årsrekneskapen for 2025

### STIFTINGA TELEMARKEFESTIVALEN

#### Note 2 Offentlege tilskot

	<i>Tilsagn 2025</i>	<i>Inntektsført 2025</i>	<i>Utbetalt 2025</i>	<i>Periodisert pr. 31.12</i>
Driftstilskot, Kulturdir.	1 200 000	1 200 000	1 200 000	0
Andre tilskot, Kulturdir.	200 000	200 000	100 000	100 000
Sum Kulturdirektoratet	1 400 000	1 400 000	1 300 000	100 000
Telemark fylkeskommune	260 000	260 000	260 000	0
Midt-Telemark kommune	100 000	100 000	100 000	0
Andre tilskot	115 934	115 934	115 934	0
Sum andre off. tilskot	475 934	475 934	475 934	0
Totale tilskot	1 875 934	1 875 934	1 775 934	100 000

#### Note 3 Lønskostnader, antall tilsette, godtgjørelser, lån til tilsette m.m.

	<b>2025</b>	<b>2024</b>
Lønskostnader	704 698	602 311
Arbeidsgjevaravgift	97 159	87 851
Pensjonsforsikring	29 406	28 011
Andre ytingar	21 918	2 448
Sum	853 181	720 621

Gjennomsnittlig antall årsverk: 1 1

Ytelser til leiande personar:

Løn dagleg leiar:	600 368	562 265
Anna godtgj dagleg leiar(tlf):	3 840	3 600
Honorar styreleiar:	0	0

Revisor:

Kostnadsført revisjonshonorar kr. 56 675,-, av dette konsulentbistand kr 9 594,-

Stiftinga Telemarkfestivalen pliktar å ha tjenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Stiftinga si pensjonsordning tilfredsstillar krava i denne lova.

Stiftinga Telemarkfestivalen

Org.nr: 974 236 966



## Noter til årsrekneskapen for 2025

### STIFTINGA TELEMARKEFESTIVALEN

#### Note 4 Grunnkapital og andelar

Stiftinga Telemarkfestivalen sin grunnkapital består av andelar i følgjande selskap:

	<i>Tal</i>	<i>Pålydande</i>	<i>Bokført verdi</i>
Etnisk Musikkklubb AS	1	1.000	1.000
Norske Festivaler BA	1	5.000	5.000
Bø Lyd & Scene	1	10.000	10.000


#### Note 5 Bankinnskot

Av posten er kr. 26 030,- bundne midlar på skattetrekkkonto til dekking av forskotstrekk i løn til tilsette.

<u>Note 6 Anna kortsiktig gjeld</u>	<b>2025</b>	<b>2024</b>
Påløpte feriepengar	70 188	63 140
Påløpt arbeidsgjevaravgift	9 896	8 902
<u>Sum anna kortsiktig gjeld</u>	<u>80 084</u>	<u>72 042</u>

#### Note 7 Eigenkapital

	<i>Grunnkapital</i>	<i>Annan eigenkapital</i>	<i>Sum</i>
Eigenkapital pr. 01.01	16 000	933 375	949 375
<u>Årets resultat</u>		<u>168 452</u>	<u>168 452</u>
<u>Eigenkapital pr. 31.12</u>	<u>16 000</u>	<u>1 101 827</u>	<u>1 117 827</u>



Telemarkfestivalen

# ÅRSMELDING

## TELEMARKFESTIVALEN 2025




Suigard på Slettelibergja. Foto: Knut Utler

Penneo Dokumentnøkkel: KMVEY-066OD-FT05U-PMX4R-90RL-LEW0E

### 1. SKILDRING AV 2025-FESTIVALEN

Telemarkfestivalen 2025 fann stad mellom 7. og 10. august. Festivalen inneheldt 25 arrangement med konsertar, kurs, musikarmøte, temakonsertar og nytt tingingsverk. I tillegg arrangerte festivalen Torgfestivalen – ein festival i festivalen med fleire aktivitetar for born, marknad og gratiskonsertar. Telemarkfestivalen 2025 hadde om lag 5000 besøkande i løpet av den svært innhaldsrike festivalhelga.

Telemarkfestivalen er ein internasjonal folkemusikkfestival som legg vekt på å fremje tradisjonell – så vel som nyskapande folkemusikk. Kvart år blir det lagt stor vekt på tingingsverk og urframføringar av eigenproduserte framsyningar og konsertar – noko som var representativt for årets festival med sju




## Telemarkfestivalen

nye produksjonar i forskjellig omfang i regi av festivalen. Årets festival presenterte eitt nytt tingingsverk og ein ny temakonsert, samt fire nye arrangementsarenaer. Telemarkfestivalen let seg inspirere av det nasjonale emigrasjonsjubileet som markerte at det i 2025 var 200 år sidan første båt med norske emigrantar sette kurs mot Amerika. På 1800- og 1900-talet var det om lag 40 000 telemarkingar som freista lukka «over dammen», og dei tok sjølvstøtte med seg tradisjonskulturen frå Telemark i form av både spel, dans og tradisjonskunst. Ein eigen temakonsert og Borgjakonserten dreidde seg særleg om den norske folkemusikken i Amerika. Det musikalske bandet mellom Noreg og Amerika vart elles presentert i fleire andre konsertar i festivalprogrammet. Tingingsverket «Istem» vart framført av komponist og hardingfelespelar Vegar Vårdal i lag med eit framifrå ensemble bestående av Ottar Kåsa (hardingfele), Nora Taksdal (hardingbratsj), Sivert Holmen (hardingfele, hardanger d'amore) og Johannes Martens (hardingcello). Tingingsverket var ei musikalsk verdspremiere: ikkje berre var det premiere på eit flunkande nytt tingingsverk – verda hadde heller aldri før verke sett eller høyrd ein strykekvintett der alle instrumenta har understrengar.

### VIKTIGE HOVUDTREKK I FESTIVALPROGRAMMET:

- ❖ Tingingsverket «Istem» vart framført av Vegar Vårdal, Ottar Kåsa, Nora Taksdal, Sivert Holmen og Johannes Martens i ny konsertsal på Bø hotell. Ragnhild Hemsing Trio avslutta det som blei ein nydeleg kveld!
- ❖ Populær festivalkviss og konsertar med Suigard og amerikanaren Gill Landry på The Bull Inn.
- ❖ Flott konsert i Konsertlåven med Anne Gravir Klykken, Jon Solberg og Anders Erik Røine. Fullt hus og mykje lovord!
- ❖ Utseld opningskonsert med spennande og flotte innslag frå både gamle og nye musikalske vener. Gitarmagikar Knut Reiersrud opna festivalen, og skodespelar Hadle Reisæter leia konserten.
- ❖ Makelaus konsertkveld på Kroa i Bø med spennande og unge utøvarar. Fenomenet ULD måtte diverre avlyse sin konsert som følgje av sjukdom, men Pumpegris og Ævestaden & Kanaan leverte fantastiske konsertar. DJ Daeva sørga for fullt dansegolv. Mykje folk, dans og elektrisk stemning!
- ❖ Torgfestivalen – ein festival i festivalen på Bø torg. Her var det handverksmarknad med om lag 30 utstillarar, gratiskonsertar og aktivitetar, Roheim-paraden og mykje moro for store og små. 2025 var valår, og festivalen var vertskap for ein av veldig få reine debattar med kultur som tema under valkampen. Vel 2000 store og små besøkande i løpet av dagen! Eit viktig arrangement for Telemarkfestivalen.




## Telemarkfestivalen

- ❖ Utseld strengemagi i Konsertlåven med Andrea Søgner, Knut Reiersrud og Mattis Kleppen som mange trekk fram som eit høgdepunkt under 2025-festivalen.
- ❖ Utseld temakonsert på Bø hotell med fokus på emigrasjonsjubileet og dei mange hardingfelespelarane frå Telemark som freista lukka «over dammen». Temakonserten inneheldt gode historier frå Halvor Kleppen, slåttar frå Knut Buen og andre flott musikalske innslag frå Knut Reiersrud, Mattis Kleppen, Laura Ellestad og Anne Gravir Klykken.
- ❖ Fantastisk laurdagskveld i Sandvinparken med konsertar frå Suigard, Stein Torleif Bjella, Embla & the Karidotters og Byting. Ottar Kåsa og Per Anders Buen Garnås spelte opp til dans mellom konsertane.
- ❖ Ord og tonar på Bø bok og papir. Laurdag fekk publikum bli med på eit «doktorgradbad», der Laura Ellestad presenterte doktorgradsavhandlinga hennar i samtale med Anne Svånaug Blengsdalen. Sundag fekk publikum høyre meir om felemakar Olaf G. Helland med hardingfelespelar Lars-Ingar Meyer Fjeld i samtale med forfattar Kjell Chr. Midtgaard.
- ❖ Den tradisjonsrike Borgjakonserten kunne i år by på eit spennande møte mellom Laura Ellestad og Ottar Kåsa med norske og nord-amerikanske feletradisjonar som tematisk utgangspunkt for konserten.
- ❖ Telemarkfestivalen 2025 vart avslutta med ein utseld konsert med Dylan LeBlanc og Freddy Holm på Bø bakgård og basar. Ei verkeleg flott avrunding av ein verkeleg flott festival.



Utøvarane frå tingingsverket med instrumenta sine. Foto: Knut Utlø



Telemarkfestivalen kan og vise til aktivitet utanom sjølve festivalen i 2025 gjennom arbeid med Nye Sjodar folkemusikkscene og Sørnorsk folkemusikksenter.

#### **Nye Sjodar folkemusikkscene**

Våren 2023 tok Telemarkfestivalen initiativet til etableringa av Nye Sjodar folkemusikkscene – ein heilårsarrangør med fokus den akustiske folkemusikken. I 2025 har det vore totalt 10 arrangement i regi av Nye Sjodar folkemusikkscene. Telemarkfestivalen har det administrative ansvaret for verksemda.

#### **Sørnorsk folkemusikksenter**

Sørnorsk folkemusikksenter kjøper administrative tenester av Telemarkfestivalen med særleg vekt på turnéproduksjon i regionen. I 2025 har Sørnorsk folkemusikksenteret gjennomført to turnear med totalt 13 konsertar i Agder, Telemark og Vestfold.

#### **Minnekonsert for Agnes Buen Garnås**

I nært samarbeid med familien inviterte Telemarkfestivalen til minnekonsert for Agnes Buen Garnås fredag 31. oktober på Sandvin i Bø. Her kom vener og familie saman til en verdig og flott minnekonsert for å heidre Agnes Buen Garnås sitt minne.

#### **Jubileumsseminar**


I samarbeid med Universitetet i Sørøst-Norge (USN) og Telemarksforskning inviterte Telemarkfestivalen til eit jubileumsseminar i høve kulturstudia ved USN sitt 50 års-jubileum torsdag 6. og fredag 7. november. Dagleg leiar deltok i fleire panelsamtaler om aktuelle tema, og festivalen bidrog òg med kunstnariske innslag undervegs.

#### **KURSVERKSEMD**

Kursprogrammet i år omfatta kvedarkurs, kurs i teledans, kurs i blågras-gitar, kurs i munnspel og kurs i plantefarging av garn. Det var også gratis trommesirkel for store og små på Bø torg i samband med Torgfestivalen. I tillegg hadde festivalen eit godt samarbeid med Sørnorsk folkemusikksenter sitt fordjupingskurs for unge folkemusikkutøvarar. Born og unge på sommarkurset UngFolk heldt eigen konsert på Bø torg under festivalen.

#### **FOLKEMUSIKK FOR ALLE**

Telemarkfestivalen skal formidle folkemusikk og folkedans til alle, og det er ei viktig oppgåve for festivalen å leggje til rette for at folkemusikken også kan bli høyrd av dei som kanskje ikkje oppsøker eller har høve til å oppsøke festivalen elles. Som ein del av festivalprogrammet hadde festivalen fleire gratisarrangement. Ein kan særleg nemne Torgfestivalen – ein festival i festivalen på Bø torg med stor marknad, danseoppvising, gratiskonsertar og mange spennande aktivitetar for born og unge. Alle gratisstilboda er meint som ein invitasjon til born, familiar og andre som kanskje elles ikkje er så kjende med folkemusikken frå før. Bø i Telemark er ein stad med lange tradisjonar for folkemusikk og folkedans. Det er viktig at også barn og unge får ta del i disse tradisjonane på eigne premiss.



## Telemarkfestivalen


Torgfestivalen er ein slik arena der barn og unge får vere med på ein mengde aktivitetar med folkemusikken og folkedansen som bakteppe – alt saman heilt gratis!

Telemarkfestivalen 2025 var ein svært godt besøkt festival med fleire utselde arrangement og mykje folk på dei fleste arrangementa under festivalen. Det har elles kome mykje ros frå både publikum og artistar om ei flott festivalgjennomføring med mange flotte opplevingar på Telemarkfestivalen 2025 som vil gå inn i festivalsoga som ein av dei verkeleg gode festivalane.



Fire generasjonar på scenen då Tone Steinstad tok med seg barn, barnebarn og oldebarn på scenen under Opningskonserten. Foto: Knut Utler

*Sjå komplett program for Telemarkfestivalen 2025 som vedlegg til årsmeldinga.*



## 2. TILLITSVERV/ ADMINISTRASJON

Styret har hatt følgjande samansetjing:

**Leiar:**

Evvy Beate Stykket: *på val*

**Styremedlemmar:**

Evelyn Utigard: *på val*

Anders Hefre: *på val*

Hadle Reisæter: *ikkje på val*

Torgeir Gullbekk Hansen: *ikkje på val*

**Varamedlemmar:**

Idrak Abbasov: *på val*

Thea Myrjord Nordheim: *på val*

**Valnemnda har hatt følgjande samansetjing:**

Sigbjørn Hjelmbrække – *på val*

Heidi Elise Klokkehaug – *ikkje på val*

Mari Torvik Heian (vara) – *på val*

**Administrasjon:**


Kristoffer Mosfjeld har vore tilsett som dagleg leiar i 80 % stilling. I tillegg har Sørnorsk folkemusikksenter kjøpt administrative tenester av Telemarkfestivalen tilsvarande 20 %, slik at dagleg leiar difor har hatt ei 100 % stilling i 2025. Marita Kristina Valkeinen vart tilsett som festivalmedarbeidar i eit engasjement frå juli til august med særskilt ansvar for frivilligrekruttering og Torgfestivalen. I tillegg har det vore mindre, løna engasjement innanfor ansvarsområda dekor, sosiale medium og teknisk gjennomføring.

## 3. ARBEIDET I STYRET OG NEMNDENE

Styret har hatt åtte styre- og arbeidsmøte i meldingsåret. Som tidlegare år har det vore lagt ned ein stor dugnadsinnsats frå styremedlemer, varamedlemmar og andre frivillige. Telemarkfestivalen har ei gruppe frivillige som tek på seg oppgåver år etter år, og desse faste støttespelarane er heilt avgjerande for festivalen. I år var talet på frivillige om lag 100.

**Programarbeid**

Arbeidet med programmering av festivalen har i all hovudsak vore utført av dagleg leiar i samarbeid med styret. Dagleg leiar har òg jamnleg dialog med eit nettverk av ressurspersonar som bidreg med innspel i programarbeidet.



#### Teknisk og arrangement

Teknisk sett vart årets festival gjennomført på ein god og smidig måte. Konsertservice AS, Show Teknikk AS, 11lyd AS og Bø Lyd og Scene stod for dei lydtekniske og lystekniske tenestene. Arrangement og Teknisk blei delt opp i tre undergrupper; sceneteknisk, rigge- og sjauegruppe og dekor. Teknisk nemnd sto ansvarleg for eit omfattande arbeid. Styret for Telemarkfestivalen er godt nøgd med den tekniske avviklinga av Telemarkfestivalen 2025.

#### PR-tiltak

Telemarkfestivalen har ein grafisk profil med spreke farger og eit moderne uttrykk som kler festivalen godt. Fargane er inspirert av historiske belte frå beltestakken. Programfolder, plakatar og anna grafisk materiell stod godt til kvarande. Festivalen produserte også eiga festivalavis i samarbeid med Bø blad. Festivalen fekk god merksemd i media lokalt og regionalt før og under sjølve festivalen. Annette Schia Kaasa og Stian Dalen har vore ansvarlege for sosiale medium under festivalen. Å vere synleg i alle aktuelle kanalar er heilt naudsynt for at festivalen skal vere ein sentral og synleg aktør i festival-Noreg også i framtida.

## 4. STIFTARAR OG DELTAKARAR


Desse organisasjonane var ved årsskiftet stiftarar og deltakarar i Stiftinga Telemarkfestivalen:

**Stiftarar:** Bø museum, Bø Dansarring, Bø Kunstforening, Bø Skulemusikk, Bø frilynde ungdomslag, FolkOrg, Nes Nasjonale Dansarring, Spelemannslaget Bøheringen, Vestfold og Telemark Kulturnettverk, Telemark Mållag, Universitetet i Sørøst-Noreg - Institutt for kultur, religion og samfunnsfag og Universitetet i Sørøst-Noreg - Institutt for tradisjonskunst og folkemusikk.

**Deltakarar:** Bø Juniorspelemannslag, Midt-Telemark kommune, Midt-Telemark kulturnettverk



Populær trommesirkel på Bø torg. Foto: Knut Utler



## 5. SAMARBEIDSPARTNARAR

Følgjande har ytt støttemidlar til festivalen i løpet av året; Kulturdirektoratet, Midt-Telemark kommune, Telemark fylkeskommune, Sparebankstiftinga Bø, Sparebankstiftinga Telemark, Norsk Musikkråd (KOMP-midlar), Fritt Ord, Musikkfondene og Norsk Senter for folkemusikk og folkedans.

Sparebank1 Sør-Norge har vore hovudsamarbeidspartnar, sponsor og besteven. Følgjande har vore større sponsorar; Bø blad, Telemark Energi/Kraftriket, Sentrumsringen i Bø, Bø hotell, Systemblokk, Sønstebøtunet, Bø Installasjon, Telefrukt og Meny Bø. I tillegg hadde me samarbeids- og sponsoravtale med fleire lokale aktørar.

Festivalen har elles hatt gode samarbeid med Gullbring kulturhus, Kroa i Bø, Evju bygdetun, Bø hotell, ungdomslag, The Bull Inn, Bø bok og papir, Bø bakgård og basar, Konsertlåven og Midt-Telemark kommune i høve arrangement i 2025.

## 6. ØKONOMI 2025


Telemarkfestivalen vart løyva 1 200 000 kr i tilskot frå Kulturdirektoratet for 2025. Midt-Telemark kommune og Telemark fylkeskommune følgde opp med respektive 100 000 kr og 250 000 kr i tilskot.

Styret og dagleg leiar for Telemarkfestivalen noterer eit overskot for på kr 168 452,-. Overskotet vert overført til annan eigenkapital. Festivalen har ein positiv eigenkapital på kr 1 117 827,-.

Totale drifts- og renteinntekter utgjorde kr 3 531 158,-. Festivaltilskotet frå Kulturdirektoratet utgjorde kr 1 200 000,- av dette. Andre offentlege tilskot var på kr 475 934,-. Sponsor- og reklamestøtte kr 253 735,-. Dei totale salsinntektene var på kr 1 041 316,-. I 2025 har posten for andre inntekter vore på same nivå som i 2025. Overskotet skuldast i all hovudsak godt sal i høve festivalen. Totale kostnader utgjorde kr 3 343 475,-.

Uvissa knytt til inntektene i 2026 er fyrst og fremst i høve til billettinntektene, og denne posten utgjer den største finansielle risikoen for verksemda. Ein må sjå denne risikoen i lys av risikoen i marknaden. Dei siste åra har vore prega av sterk prisauke på varer og tenester som ikkje berre har innverknad på festivalen si verksemd, men òg folk si kjøpekraft og deira høve til og ønskje om å ta del i kulturelle opplevingar.

Stiftinga har fått tilsegn om støtte frå Kulturdirektoratet på kr 1 250 000,- for 2026, noko som utgjer hovudgrunnlaget for drifta. Festivalen fekk innvilga eit treårig tilskot i 2023 og fekk då tilsegn om kr 1 150 000 kr i 2024, 1 200 000,- i 2025 og kr 1 250 000,- i 2026. Festivalen har òg fått innvilga 100 000 kr frå Kulturdirektoratet til eit spennande tingingsverk. I 2026 vil me halde fram med eit sterkt fokus på kostnadskontroll med tanke på driftskostnader. Stiftinga kan stadfeste ein solid eigenkapital og god likviditet. Festivalen har satt ein god del av opptent eigenkapital på høgrentekonto.



Det er teikna ansvarsforsikring for styret og personalforsikring med pensjonsordning for dagleg leiar via Storebrand. Styret meiner at føresetnadene for framleis drift er til stades.

I september 2025 reviderte styret saman med dagleg leiar handlingsplanen frå 2018, der ei rekkje kvantitative og kvalitative mål for kjerneområda i festivalen er skildra. Desse vil vere retningslinjer for verksemda i 2026 (vedlegg til årsmeldinga).

## 7. KUNSTNARISK FORNYING


Telemarkfestivalen er ein internasjonal folkemusikkfestival som legg vekt på å fremje tradisjonell - så vel som nyskapande folkemusikk. Kvart år blir det lagt stor vekt på tingingsverk og urframføringar av eigenproduserte framsyningar.

Telemarkfestivalen med styret og administrasjonen har i 2025 ikkje vore representert på så mange arrangement som me skulle ønskje. Me var til stades på Vinterfestivalen på Rauland i februar og på Folkelarm i Oslo i november. Besøk på andre festivalar er likevel viktig å halde fram med – både med tanke på kunstnariske inntrykk, men òg for generell kompetanseauking innanfor festivalarrangering.

Telemarkfestivalen har som mål å vidareutvikle festivaladministrasjonen og leiinga som arrangørledd i lokal, nasjonal og internasjonal målestokk. Telemarkfestivalen er ein aktiv deltakar i verksemda til Sørnorsk folkemusikksenter i Bø. Senteret er meint å styrke fleire aspekt innanfor folkemusikken og omfattar fleire aktørar som saman bidrar med kompetanse på respektive område. I 2024 har Telemarkfestivalen ved dagleg leiar hatt ansvar for den administrative verksemda til folkemusikksenteret, samt turnéproduksjon. I 2025 var det gjennomført to turnéar og totalt 13 konsertar i Agder, Telemark og Vestfold regi av Sørnorsk folkemusikksenter.

Våren 2023 tok Telemarkfestivalen initiativet til etableringa av Nye Sjodar folkemusikkscene – ein heilårsarrangør med fokus den akustiske folkemusikken. I 2025 har det vore totalt åtte arrangement i regi av Nye Sjodar folkemusikkscene. Telemarkfestivalen har det administrative ansvaret for verksemda.

I 2026 vil Telemarkfestivalen og Bø Jazzklubben ta over nye lokalar som per no huser Bø bakgård og basar i Gullbringvegen 6. Festivalen og jazzklubben vil drifte desse lokala via eit eige AS. Dagleg leiar vil ha sin kontor plass i lokala som elles har eit stort potensial med tanke på arrangement og anna aktivitet – både under festivalen og elles i året.



Telemarkfestivalen

## 9. YTRE MILJØ

I 2021 vart Telemarkfestivalen godkjend som Miljøfyrtårn. Som eit miljøfyrtårn er Telemarkfestivalen ansvarleg for å kome i møte strenge krav til arbeidsmiljø, innkjøp, energibruk, transport, avfall, utslepp og estetikk. Leiinga i Telemarkfestivalen har valt å ikkje re-sertifisere seg som Miljøfyrtårn, men har lagt til seg gode rutinar knytt til miljø og HMS i verksemda som følgje av perioden som sertifisert Miljøfyrtårn. Styret meiner at stiftinga si verksemd ikkje forureinar det ytre miljø i vesentleg grad. Det vert utført kjeldesortering av alt avfall i samsvar med kommunale vedtekter. I 2026 ønskjer me å ha fokus på ein grøn profil og vil undersøke kva for berekraftige tiltak me kan gjere i samband med festivalgjennomføringa.

## 10. ARBEIDSMILJØ

Jamfør gjeldande lover og føreskrifter fører selskapet oversikt over totalt sjukefråvær blant tilsette i stiftinga. I 2025 har det ikkje vore sjukefråvær av nemneverdig grad. Det er styret si oppfatting at arbeidsmiljøet og den generelle trivselen på arbeidsplassen er god.



Med venleg helsing,

Styret og administrasjon i Telemarkfestivalen



## PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

### Anders Hefre

Styremedlem

Serienummer: bankid.no no\_bankid:9578-5995-4-562523

IP: 92.220.xxx.xxx

2026-01-20 07:25:21 UTC



QES



### Torgeir Gullbekk Hansen

Styremedlem

Serienummer: bankid.no no\_bankid:9578-5995-4-1687189

IP: 79.161.xxx.xxx

2026-01-20 08:03:02 UTC



QES



### Evy Beate Tveter

Styreleder

Serienummer: bankid.no no\_bankid:9578-5995-4-54273

IP: 128.39.xxx.xxx

2026-01-20 08:09:25 UTC



QES



### Hadle Lavold Reisæter

Styremedlem

Serienummer: bankid.no no\_bankid:9578-5997-4-1456171

IP: 88.93.xxx.xxx

2026-01-20 08:22:34 UTC



QES



### Arne Kristoffer Mosfjeld

Daglig leder

Serienummer: bankid.no no\_bankid:9578-5995-4-134754

IP: 88.90.xxx.xxx

2026-01-20 09:07:10 UTC



QES



### Evelyn Utigard

Styremedlem

Serienummer: bankid.no no\_bankid:9578-5995-4-756485

IP: 213.239.xxx.xxx

2026-01-20 09:45:37 UTC



QES



Penneo Dokumentnøkkel: KIMVEY-066OD-FT05U-PMX4R-90RLI-LEW0E

Dette dokumentet er signert digitalt via [Penneo.com](https://penneo.com). De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl. For mer informasjon om Penneos kvalifiserte tillitstjenester, se <https://eud.penneo.com>.

#### Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørens digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.



# REVISJONSSELSKAPET AS

Medlem av Den norske revisorforening

Til styret i Stiftinga Telemarkfestivalen

## Uavhengig revisors beretning

### Uttalelse om årsregnskapet

#### Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Stiftinga Telemarkfestivalen som viser et overskudd på kr 168 452. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2025, resultatregnskap og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet et rettviseende bilde av stiftelsens finansielle stilling per 31. desember 2025 og av dens resultat og kontantstrømmer for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet. Vi er uavhengige av stiftelsen i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### Øvrig informasjon

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlige for informasjonen i årsberetningen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke informasjonen i årsberetningen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese årsberetningen. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom årsberetningen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt informasjon i årsberetningen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsberetningen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at årsberetningen

- er konsistent med årsregnskapet og
- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav.

Post- og kontoradresse  
Nensetvegen 39  
3736 Skien

[www.revisjonsselskapet.no](http://www.revisjonsselskapet.no)

AVD BØ  
Bogata 52  
3800 Bø i Telemark

FORETAKSREGISTERET:  
NO 974 481 596 MVA  
E-post: [firmapost@revisjonsselskapet.no](mailto:firmapost@revisjonsselskapet.no)

Penneo Dokumentnrøkke: ORWCZ-7Q134-688XK-7B0F7-ZZ5BW-0VT2N



# REVISJONSSELSKAPET AS

Medlem av Den norske revisorforening

## Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til stiftelsens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

## Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til:  
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

## Uttalelse om øvrige lovmessige krav

### Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at stiftelsen er forvaltet og utdelinger er foretatt i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig.

Bø i Telemark, 19. januar 2026  
**REVISJONSSELSKAPET AS**

Sondre Dukefoss  
statsautorisert revisor  
(elektronisk signert)



# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

## Sondre Dukefoss

### Statsautorisert revisor

På vegne av: Revisjonsselskapet AS

Serienummer: bankid.no\_no\_bankid:9578-5995-4-738270

IP: 92.221.xxx.xxx

2026-01-20 09:53:25 UTC



QES



Penneo Dokumentnøkkel: ORWCZ-7Q134-688XK-7B0F7-ZZ5BW-0VT2N

Dette dokumentet er signert digitalt via [Penneo.com](https://penneo.com). De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forsegleet med et kvalifisert elektronisk segl. For mer informasjon om Penneos kvalifiserte tillitstjenester, se <https://eud.penneo.com>.

#### Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørens digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.